

---

## MØTEINNKALLING

Kopi til: Ordføreren  
Revisor  
Rådmannen

Medlemene av  
Kontrollutvalet

### INNKALLING TIL MØTE I SANDØY KONTROLLUTVAL

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

**måndag, den 07.11.2011 kl. 14.15 på  
Sandøy Rådhus**

#### SAKLISTE:

- Sak 05/11 - Godkjenning av møtebok frå møte 4. mai 2011
- ” 06/11 - Generell orientering om kontrollutval og revisjon
- ” 07/11 - Administrasjonsutval

Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post [kontrollutval@kontrollutval.no](mailto:kontrollutval@kontrollutval.no).

Helge Ervik  
leiar  
(sign.)

**KONTROLLUTVALET I  
SANDØY KOMMUNE**

**MØTEBOK**

Møtedato: 4. mai 2011, kl. 13.30  
Møtestad: Møterommet Rådhuset

Møtet vart leia av Frode Brunvoll

Elles til stades:  
Randi Molnes og John Andreas Eivindsen

= **3 voterande**

Frå Sandøy kommune møtte:  
Rådmann Lasse Larsson Fjørtoft og økonomisjef Tore Harnes

Frå kommunerevisjonen møtte:  
Dagleg leiar, Kjetil Bjørnsen

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte:  
Dagleg leiar, Harald Rogne

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

**SAK 01/11  
GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 21. OKTOBER 2010**

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Møtebok frå møte 21. oktober 2010 blir godkjent.

**SAK 02/11  
ÅRSMELDING 2010 – SANDØY KOMMUNE**

Innstilling datert 03.05.2011 frå kontrollutvalsekretariatet

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek årsmelding 2010 for Sandøy kommune til orientering.

**SAK 03/11**

**KOMMUNEREKNESKAPEN 2010 – SANDØY KOMMUNE**

Innstilling datert 03.05.2011 frå kontrollutvalsekretariatet.

**Kontrollutvalet sin samrøystes uttale:**

Sandøy kommune sin rekneskap for 2010 blir godkjent.

**SAK 04/11**

**DRØFTING AV TEMA OG TIDSPUNKT FOR NESTE MØTE**

(saka kom opp under eventuelt)

Det vart ikkje fatta konkret vedtak i saka, men mulige tema til neste møte vart drøfta.

Frode Brunvoll  
leiar  
(sign.)

Randi Molnes  
medlem  
(sign.)

John Andreas Eivindsen  
medlem  
(sign.)

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalget

Dato: 31.10.2011

**SAK 07/11  
ADMINISTRASJONSUTVAL**

Kontrollutvalset sekretariatet har sett nærare på utvalstrukturen i kommunane. Det viser seg at Sandøy kommune manglar administrasjonsutval. Krav om administrasjonsutval går fram av kommunelova § 25. Det går likevel fram av denne paragrafen at slikt utval kan bli erstatta med anna ordning dersom minst tre fjerdedelar av dei tilsette gir tilslutning til dette.

Som ei vidareføring av utviklinga om medbestemmelsesrett på 1960- og 1970 talet vart det vedteke ei lov i 1981 om tilsette sin representasjon i styrande organ i offentlege verksemdar. Denne lova vart ikkje sett i kraft og er no oppheva. Årsaka var at ein fann det meir formålstenleg å fastsette slike ordningar i avtaleverket. For kommunesektoren vart slike ordningar bestemt frå 1. juni 1983 som ein del av hovudavtalen mellom KS og organisasjonane for dei tilsette. Eit hovudpunkt i denne avtalen var innføring av administrasjonsutval som kommunen sitt hovudutval i personalsaker, med rett for arbeidstakarorganisasjonane til å peike ut minst to representantar i utvalet.

Krav om administrasjonsutval kom med i kommunelova av 1992. Ordninga medfører at tilsette har rett til å møte og tale, eventuelt også rett til å gjere framlegg og å ha høve til å stemme. Etter kommunelova har dei tilsette rett til å vere med å bestemme i saker som gjeld forholdet mellom kommunen som arbeidsgjevar og dei tilsette.

I kor stor grad tilsette kan vere med å bestemme blir fastsett av kommunestyret. Av kommunelovproposisjonen går følgjande fram:

*De nærmere bestemmelser om hvilke saker som skal behandles av administrasjonsutvalget, og nærmere retningslinjer for utvalgets arbeid må fastsettes av kommunestyret/ fylkestinget selv, eventuelt etter forhandlinger med de ansattes organisasjoner.*

Minstekravet til medbestemmelse går fram av Hovudavtalen. Dersom kommunestyret ønskjer det, kan ein gå utover minstekravet og legge alle personalsakene til administrasjonsutvalet.

Av kommentartane til rettsdata kjem følgjande fram:

*Loven forutsetter imidlertid at utvalget er sentralt plassert i behandlingen av saker som gjelder forholdet mellom kommunen eller fylkeskommunen som arbeidsgiver og de tilsatte. Det må bety en plikt til å benytte utvalget som innstillende organ når slike saker avgjøres av andre organer – i praksis*

*kommunestyret, fylkestinget, formannskapet eller fylkesutvalget, og det må også bety at det er ulovlig å sette dette utvalget på et sidespor ved omfattende delegasjon av avgjørelsesmyndighet til administrasjonssjefen, slik at denne innstillingsfunksjonen bortfaller.*

Kommunestyret kan velje å legge heile personalsakområdet til administrasjonsutvalet, men kan også dele slike saker mellom fleire instansar. Nokre sakstypar må likevel leggest til administrasjonsutvalet. Utover dette blir det presisert på nytt at kommunen kan ha ei anna ordning enn administrasjonsutval dersom minst tre fjerdedelar av dei tilsette gir tilslutning til dette.

Ein må kunne slå fast at Sandøy kommune si ordning i dag er i strid med kommunelova § 25.

Kommunen må ta ein gjennomgang av sin utvalstruktur og behandlingmåte i personalsaker.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slik

#### **innstilling:**

Med heimel i kommunelova § 25 blir det, med mindre tre fjerdedelar av dei tilsette gir tilslutning til å la vere, oppretta administrasjonsutval i kommunen. Administrasjonen blir bedt om gjennomføre ein slik prosess og eventuelt å utarbeide framlegg til reglar for utvalet sitt arbeid.

Harald Rogne  
dagleg leiar